



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ole Bakkebø, 55 57 21 40

Vår dato
20.04.2018
Dykkar dato
«REFDATA»

Vår referanse
2017/15172 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane i 2018 knytt til tema digitalisering og IKT

Fylkesmannen syner til brev herifrå til kommunane datert 16/4 - 2018 om skjønsmidlane. Der går det mellom anna fram at det er sett av ei samla ramme til føremålet IKT og digitalisering på kr 5 mill. Det går også fram at det vil verte sendt ut eit eige brev om desse midlane. Dette brevet vil difor gå nærmare inn på premissane og opplegget for denne rammeløyvinga.

Fylkesmannen er nøgd med den store interessa for denne sektoren. Vi motteke elleve søknader knytte til digitalisering, IKT, digital omstilling i skule og helsevesen, driftssamarbeid, utvikling av felles fagsystem etc.. Totalt er søknadssummen på kr 34 mill. Denne søknadssummen overstig langt dei rammene vi har høve til å bruke til dette føremålet.

I tråd med signal i frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet prioritærer fylkesmannen desse satsingsområda, og syner til dei mange møtepunkta det har vore dei siste åra om dette temaet. Fylkesmannen har gjeve uttrykk for ynskje om tettare samarbeid mellom kommunane på dette området, større vekt på utvikling av fylkesvise fellesprosjekt, meir målretta satsing og færre utgreiingar og prosessar knytte til mindre grupper av kommunar/einskildkommunar.

Fylkesmannen er vidare oppteken av at kommunal sektor i større grad bør nyttiggjere seg dei kompetansemiljøa og erfaringane som er gjort i fylket vårt. Vi ser det vidare som viktig kommunane lærer av ulike vellukka modellar for samarbeid og trekk vekslar på dei gode kompetansemiljøa og ressursane vi har i fylket.

Fylkesmannen vil difor utfordre kommunane til å utarbeide ein omforeint, fylkesvis søknad på desse fagområda, som fangar opp både digitalisering og felles ikt-drift. Ein slik søknad bør tilretteleggjast slik at alle kommunar uavhengig av kommunestørleik finn det interessant å delta.

Dersom kommunane lukkast med eit målretta fellesprosjekt for fylket, har Fylkesmannen stilt til disposisjon kr 5 mill. til dette føremålet for 2018. Fylkesmannen vil prioritere midlar til muleg vidareføring av eit slikt felles utviklingsprosjekt for 2019 i den grad ein lukkast med og kan synleggjere hensiktsmessig organisering og framdrift for dette prosjektet i 2018. Det er viktig at kommunesektoren forpliktar seg til å setje av personale og tidsressursar til å delta i kompetansebygging og prosjektutvikling i eigen kommune.

Fylkesmannen oppmodar Bergen kommune om å ta eit initiativ til felles møte i denne saka. Det vil vere naturleg at kommunar frå Nordhordland, Sunnhordland og Hardanger vert

inviterte til å utarbeide omtale av eit fellesprosjekt. Kommunane kring Bergen legg vi til grunn er ivaretekne av Bergen gjennom avtalen som er inngått i prosjektet «*Samordnet regional digitalisering*». Fylkesmannen kan vere med i desse prosessane i den grad det er ynskjeleg frå kommunane.

Vi vonar at kommunal sektor i Hordaland tek positivt i mot denne utfordringa og desse oppgåvene. Ta gjerne kontakt dersom det er trøng for det.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Ole Bakkebø
fagdirektør
kommunereforma

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi
KS Hordaland